



Vestre Slidre  
kommune

# Strategisk plan for forebyggende arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge 2023-2026

Vedtatt i kommunestyret 30.11.2023



# INNHALD

---

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1	Bakgrunn og formål.....	1
1.2	Prosess og forankring.....	1
<b>2</b>	<b>Lovverk og overordna føringar</b> .....	<b>2</b>
2.1	Lowerk .....	2
2.2	Føringar .....	2
<b>3</b>	<b>Kunnskapsgrunnlag</b> .....	<b>4</b>
3.1	Oversiktsdokumentar.....	4
3.2	Organisasjonskart.....	5
3.3	Omgrep.....	7
3.4	Laget rundt barn, unge og familiar .....	8
3.5	Interkommunalt samarbeid .....	10
3.6	Utviklingsområde .....	11
<b>4</b>	<b>Handlingsplan</b> .....	<b>13</b>
4.1	Tiltak .....	13
4.2	Evaluering.....	16
	<b>Kjelder</b> .....	<b>17</b>



# 1 INNLEIING

---

## 1.1 Bakgrunn og formål

Barnevernsreforma trådde i kraft 01.01.2022. Det ble der innført eit krav om at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunens førebyggjande arbeid for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planen for det førebyggjande arbeidet skal innehalde ei beskriving av overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane, korleis oppgåveløysningen skal organiserast og korleis ulike etatar skal samarbeide.

Barnevernsreforma blir også kalla ein oppvekstreform og skal styrke arbeidet rundt barn, unge og deira familiar. Målet med reforma er følgande:

- Kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging.
- Hjelpa skal bli betre tilpassa barn og familiars behov.
- rettstryggleik til barn og familiar skal bli godt tatt vare på.
- Ressursbruken og oppgåveløysninga i barnevernet skal bli meir effektiv.

Formålet med planen er å sikre at måla med oppvekstreforma blir tatt hand om, og at vi har gode samhandlingsrutinar som er tilpassa lokal forhold og som sikrar at barn, unge og familiar får rett hjelp til rett tid.

## 1.2 Prosess og forankring

Plana skal henge saman med dei overordna kommunale planane, særleg kommuneplanens samfunnsdel, kommunedelplan helse og omsorg og kommunedelplan oppvekst.

I samband med planarbeidet vart det oppretta ei arbeidsgruppe beståande av representantar frå:

- Oppvekst: assisterande rektor Slidre skule, styrer Røn naturbarnehage, rådgjevar oppvekst, leiar for kultur og frivilligheit
- Helse: fagleiar psykisk helse, fagleiar helsestasjons- og skulehelseteneste, kommunepsykolog, barnevernleiar
- Leiar for arbeidsgruppa: tenesteleiar familie, helse og førebygging

Leiar for arbeidsgruppa har rapportert til kommunalsjef for helse og oppvekst. Medverknad har blitt sikra gjennom involvering av ulike tenester i arbeidsgruppa, innspel frå ungdomsrådet og høyring før planen skal vedtakast i kommunestyret hausten 2023.

## 2 LOVERK OG OVERORDNA FØRINGAR

---

### 2.1 Lovverk

01.08.2022 vart det innført forsterka krav til samhandling for å gi eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. Kravet vart lovfesta i 14 lovar i eit samarbeid mellom utdanningsdirektoratet, arbeids- og velferdsdirektoratet, barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og helsedirektoratet. Endringa inneber ei styrka oppfølging av utsette barn og unge, og deira familiar gjennom auka samarbeid mellom tenester. Det vart lovfesta ei plikt for tenestene til å samarbeide om oppfølginga der tenestemottakar har behov for samansette tenester, og der samarbeid er nødvendig for å gi tenestemottakar eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

Følgande lover er av betydning for planen:

- Helse- og omsorgstenestelova
- Psykisk helsevernlova
- Pasient- og brukarrettslova
- Barnevernloven
- Barnehagelova
- Opplæringslova
- FNs barnekonvensjon

### 2.2 Føringar

Nasjonale føringar

- Barnevernsreforma
- Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- Meld. St. 6 (2019-2022): Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO
- Meld. St. 23 (2022-2023): Opptappingsplan for psykisk helse (2023-2033)
- Friheit fra vold - regjeringens handlingsplan for å forebygge og motvirke vold i nære relasjonar
- Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Nasjonal faglig retningslinje
- Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - nasjonal veileder

Regionale og kommunale føringar

- Regional plan mot vald i nære relasjonar – Valdres
- Kommuneplanens samfunnsdel (2017-2029)
- Kommunedelplan oppvekst (2018-2030) og kommunedelplan helse og omsorg (2018-2030)

Felles overordna målsetting for helse og oppvekst med utgangspunkt i kommunedelplanane, er å sikre gode oppvekst- og levevilkår for innbyggjarane i kommunen. Følgande delmål frå kommunedelplanane er relevante for den føreliggande planen:

- Vestre Slidre kommune skal prioritere førebygging gjennom heile livsløpet

- Vestre Slidre kommune skal sikre god nok kvalitet på tenestene og samanheng i dei kommunale tenestene
- I Vestre Slidre kommune skal vi sikre samarbeid mellom tenesteytar, tenestemottakar og føresett/pårørande slik at god brukarinvolvering skjer
- I Vestre Slidre kommune skal vi prioritere vidareutvikling av tverrtenesteleg og tverrfagleg samhandling



## 3 KUNNSKAPSGRUNNLAG

### 3.1 Oversiktsdokumentar

Folkhelseinstituttet (FHI) lager årlege folkehelseprofilar og oppvekstprofilar som viser kommunens styrker og utfordringar samanlikna med fylket og landet annars. Desse profilane viser at Vestre Slidre kommune ligg på landsgjennomsnitt når det gjeld dei fleste undersøkte områdene, men når det gjeldar fullføring av vidaregåande skule, skårar Vestre Slidre kommune dårlegare enn gjennomsnittet (folkehelseinstituttet 2023). KS sin oversikt viser også nøkkelfaktorar for kommunen.




Felles for heile landet er at det har vore ei vedvarande auking i psykiske vanskar blant barn og unge i tiåret før pandemien og under pandemien, mens kurven flata ut i 2022 (folkehelseinstituttet 2023). Også blant vaksne finnes det ein betydeleg del personar med psykiske vanskar. Folkehelseinstituttet har anslått at 290 000 barn lever med føresette som har moderat eller alvorleg grad av psykiske helseproblem og/eller rusmisbruk (Torvik & Rognum 2011:5). Samtidig har Ukoms rapport (2022) vist manglar i det psykiske helsetilbodet i Noreg. Rapporten har avdekket ein manglande samanheng i tenestene som ytes i spesialisthelsetenesta og kommunen.

Det er viktig å påpeike at risikofaktorar påverkar kvarandre. Barn som veks opp i familiar med lav sosioøkonomisk status, har større fare for å bli mobba og for å ha dårlegare helse og høgare skulefråvær. Dei har også større risiko for fråfall frå vidaregåande skule og på sikt dårlegare moglegheiter på arbeidsmarknaden. Derfor er det viktig å styrke barn og unges oppvekstforhold for slik å førebygge vanskar på andre område i livet (Skog Hansen, Steen Jensen og Føtten 2020).

Avslutningsvis skal det synleggjerast kva for konsekvensar utanforskap har for samfunnet. Med utanforskap meinast personar mellom 20 og 66 år som ikkje er i utdanning eller arbeid, og som heller ikkje mottar AFP eller alderspensjon. En slik person vil koste samfunnet 23 millionar kroner i perioden 20-66 år, derav 16 millionar kroner i sosialstønad og 7 millionar kroner i utgifter til bl.a. helsetenester, livsstilsskadar, barnevern, BUP osv. KS sin oversikt viser at vi har 210 personar i Vestre Slidre kommune som fell utanfor arbeidslivet.

## 3.2 Organisasjonskart

Vestre Slidre kommune har i 2022 vore gjennom en omstillingsprosess der områdene oppvekst og kultur, og helse og omsorg vart samla under felles kommunalsjef for helse og oppvekst. Målet med omstruktureringa var å skape betre samhandling mellom desse tenestene. Figuren under framstiller dagens organisering av området helse og oppvekst, der alle tenester som jobbar med barn, unge og familiar er samla.




### 3.3 Omgrep

#### Tidleg innsats

Tidleg innsats inneber arbeid med å oppdage utfordringar, vanskar og hjelpebehov og med å starte tiltak så tidleg som mogleg for å førebygge ein uheldig utvikling eller forverring av problemet (Meld. St. 6, 2019-2020). Tidleg innsats er eit satsingsområde både innan helse- og oppvekstsektoren.

#### Førebygging

Førebygging kan delast inn i 3 nivå:



Dei ulike nivå representerer ulike formål og målgrupper.

**Universell førebygging** skal vera allmennførebyggande og forhindre at vanskar oppstår. Læringsmiljø- og antimobbeprogram i skulen, skulehelseteneste eller tilrettelegging for fysisk aktivitet, er eksemplar på universell førebygging.

**Selektiv førebygging** er tiltak retta mot grupper med kjent og/eller auka risiko for å utvikle problem og skal motverke negativ utvikling. Gratis kjernetid i barnehagar eller program for barn og unge i risiko for å utvikle åtferdsvanskar, for eksempel Parent Management Training (PMTO) er eksemplar på dette.

**Indisert førebygging** er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på problem. Tiltak retta mot barn og unge med symptom på psykiske vanskar er eksemplar på indisert førebygging.


(barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement et al. 2013)

## Tverrfagleg samhandling

Målet med tverrfagleg samhandling er å gje eit heilskapleg tilbod til barn, unge og familiar som treng koordinert bistand. Helsedirektoratet (2018) anbefalar at metoden brukast når ulike faggrupper skal ha ein dialog saman med barnet og familien i:



- Kartlegging/ utreiing av behov – for å sikre heilskapleg forståing, felles utgangspunkt, felles mål
- planlegging av tiltak – for å sjå tenestene i samanheng
- gjennomføring av tiltak – for å sikre koordinering og nødvendige avklaringar undervegs
- evaluering av tiltak og avklare nye mål – sikre kontinuitet og trygge overgangar

## 3.4 Laget rundt barn, unge og familiar



Figur «Laget rundt barnet» henta frå St. Meld. 6 (2019-2020) «Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO».

Laget rundt barnet skal sikre at barn og unge får den hjelpen dei treng når dei treng den. Samstundes skal laget jobbe for at færrest mogleg kjem inn i ein situasjon der dei treng hjelp. Vestre Slidre kommune har valt å plassere dei tenestene som er ein del av laget rundt barnet og familien i eit skjema basert på førebyggingspyramiden. Dette er for å synleggjere korleis nivå tenestene ligg på. Samhandlinga mellom tenestene går føre seg på alle plan og i alle retningar der dette er formålstenleg. Målet er å få løyst utfordringar på lågast mogleg nivå, men samstundes å tilvise vidare eller involvere fleire tenester tidleg nok. Skjemaet skal også synleggjere at mange instansar er kopla inn på eit tidleg og universelt førebyggjande nivå, der deira innsats og kompetanse kjem alle barn og unge til gode.



### **Beskriving av dei tverrfaglege teama**

**IKO-team:** IKO står for «identifisering, kartlegging og oppfølging» og er eit team som brukast i barnehagane og består av styrar og pedagogiske leiingar. Teamet møtast annakvar veke. Skulen har eit tilsvarande team som heter IKO/spes.ped.team og som er satt saman av rektor, assisterande rektor/spesialpedagogisk koordinator, lærarar med spesialpedagogisk ansvar på barne- og ungdomssteget og sosialpedagogisk rådgjevar.

**Sped- og småbarnsteam - tidleg inn:** Teamet er tverrfagleg samansett med representantar frå helsestasjon, barnevern, sped- og småbarnsteamet ved BUP og barnehagane som møtast annakvar månad. Målgruppa for dette tverrfaglege teamet er risikoutsette familiar med sped- og småbarn frå graviditet og opp til 5 års alder. Målet med sped- og småbarnsteam er å bidra til at det blir enklare å oppdage tidleg- og handle på bekymring.

**Innsatsteam:** Dette er eit tverrfagleg samansett team med faste medlemmar bestående av representantar frå helsestasjon/skulehelsetenesta, kommunepsykolog, helsestasjonslege, PPT, barnevern tenesta, skule, barnehage, psykisk helseteneste og BUP som møtast ein gong i månaden. Målgruppa er familiar som ventar barn og/ eller har barn og ungdom i alderen 0-18 år. Teamet skal gi foreldre og kommunens instansar høve til å drøfte si bekymring for eit barn, og sikre tidleg og riktig tiltak for barn, unge og deira familiar.

### **Samarbeid på systemnivå**

I tillegg til dei tverrfaglege teama som er nemnt, er det etablert samarbeidsgrupper som skal sikre tverrfagleg samhandling på systemnivå. Eit eksempel på dette er systemmøter med representantar frå helse og skule (rektor, assisterande rektor, tenesteleiar familie, helse, og førebygging, kommunepsykolog og representantar frå skulehelseteneste, barnevern, psykisk helse).

### **Samarbeid med frivillige lag og foreiningar**

Vestre Slidre kommune har ein eigen fritidserklæring som skal sikre at alle barn og unge har moglegheit for ei aktiv fritid. Kommunen samarbeider med NDFU (nasjonal dugnad mot fattigdom og utenforskap blant barn og unge), og har gjennom ALLEMED- dugnad hatt ein større prosess for å jobba fram idear som skal sikre at fritidsarenaen er tilgjengeleg for alle.

## **3.5 Interkommunalt samarbeid**

### **Interkommunale tenester**

Kommunane i Valdres har eit godt etablert regionalt samarbeid med fleire interkommunale tenester. Vestre Slidre kommune er vertskommune for felles kommunepsykolog for Øvre Valdres (Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang kommune) og for felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre kommune. Nord-Aurdal kommune er vertskommune for felles PP-teneste for heile Valdres og stiller også med helsesjukepleiarressurs for Valdres vidaregåande skule.

### **Oppvekstløftet**

August 2022 starta det interkommunale prosjektet «oppvekstløftet for unga i Valdres». Prosjektet skal sjå dei nasjonale satsingane «Oppvekstreformen» frå Bufdir og «kompetanseløftet» frå Udir i samanheng. Prosjektet skal også sikre oppfølging av endringar i 14 lovverk som stiller krav til samhandling og betre samarbeid kring barn, unge og familiar som treng hjelp av fleire instansar. Det

vart identifisert korleis faktorar som hemmar og fremmer samarbeid kring barn og unge i aldersgruppa 0-24 år. Vidare gjennomførast det nettverksamlingar for å m.a. auke kompetansen innan samhandling og møteleiing. Parallelt jobbar ei arbeidsgruppe i prosjektet med å utarbeide regionale retningslinjer for samhandling og med ei felles forståing kring relevante omgrep som koordinator, ansvarsgruppe osv.

### 3.6 Utviklingsområde

Ut frå kunnskapsgrunnlaget er førebygging av utanforskap og psykiske helseplagar viktige satsingsområde for å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Dette oppdraget krev ein tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming. Arbeidsgruppa har i fellesskap kartlagt styrkar og svakheiter i den tverrfaglege samhandlinga rundt barn, unge og familiar. Med utgangspunkt i kartlegginga er det definert fem utviklingsområde med tilhøyrande mål som Vestre Slidre kommune ynskjer å oppnå innafor planperioden for å styrke innsatsen rundt barn og unge. Sentralt i dette arbeidet står styrkinga av ein samhandlingskultur kor heilskaps- og familieperspektivet, samt samhandling om felles mål settast høgt. Utviklingsarbeidet rundt mange av måla er allereie jobba mykje med, men det står att enkelte tiltak.

1. Strukturar
  - a. Vestre Slidre kommune skal ha ein tydeleg beskriving av rutinar i samband med IP og ulike tverrfaglege oppfølgingsgrupper. Det skal også føreligge ei beskriving av kven som har krav på desse.
  - b. Vestre Slidre kommune skal ha ei beskriving av rolla og mandata til koordinator og barnekoordinator. Det skal også vera avklart korleis tenester som skal stille med koordinator.
  - c. Vestre Slidre kommune skal å ha tverrfaglege møtearenaer på ulike nivå som aktivt brukast til å drøfte saker. Dermed skal ein fange opp barn og unge som treng ekstra oppfølging så tidleg som mogleg.
2. Prosess og samhandling
  - a. Vestre Slidre kommune har tydelege og trygge møteleiarar som sikrar framdrift og god samarbeidskultur.
  - b. Dei tilsette er kjent med kvarandre sine rollar og oppgåver.
  - c. Barneverntenesta har ei tydeleg rolle i det førebyggjande arbeidet som alle tilsette i helse og oppvekst kjenner til.
  - d. Tenestene i Vestre Slidre kommune har gode rutinar for identifisering, kartlegging og tilvising til andre tenester.
  - e. Vestre Slidre kommune skal ha gode rutinar for informasjonsdeling; både mellom egne og interkommunale tenester, og mellom tenestene og familien.
3. Barnets stemme
  - a. Vestre Slidre kommune har rutinar som sikrar at barnets stemme ivaretakast.
  - b. Vestre Slidre kommune skal ha retningslinjer for involvering av barn og unge i møter.
4. Foreldresamarbeid
  - a. Tilsette i helse og oppvekst er trygge på å ta opp bekymring med foreldre på et tidleg tidspunkt.

- b. Tilsette i helse og oppvekst er trygge på når meldeplikta til barnevernet er utløyst. Kommunen har også eit system som tek vare på tilsette som sender bekymringsmelding til barnevern.
- 5. Kompetanseheving/rekruttering
  - a. Vestre Slidre kommune har ein oversikt over eksisterande og manglande kompetanse, og har en plan for kompetanseauking for eigne tilsette.
  - b. Vestre Slidre kommune jobbar målretta med å rekrutter og å behalde fagpersonar.



## 4 HANDLINGSPLAN

Handlingsplanen omhandlar tiltak som skal hjelpe oss med å nå utviklingsområda som er nemnt i førre avsnitt. Kommunen har allereie tiltak som vi/kommunen opplev å lykkast godt med, m.a. tiltak på nivå for universell og selektiv førebygging i årshjulet til skulen, barnehagane og helsestasjons- og skulehelsetenesta. Tiltaka i handlingsplanen må difor sjåast i samanheng med dei lokale planane for kvar eining.

For å sikre gjennomføring av tiltaka i samhøve med plana, settast det opp faste intervalla for evaluering.

### 4.1 Tiltak

Område	Tiltak	Beskriving	Pådrivar for gjennomføring	Estimert fullført
1. Strukturer	a) Omgreps-avklaring	<ul style="list-style-type: none"> <li>Beskriving av omgrep og utarbeiding av rutinar i samband med ansvarsgruppe, samarbeidsgruppe og IP</li> </ul>	Arbeidsgruppe oppvekstløfte, tildelingskontor	Desember 2023
	b) Rollebeskriving	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide rollebeskriving for koordinator og barnekoordinator. Dette skal gjerast kjent for alle aktuelle tilsette.</li> </ul>	Arbeidsgruppe oppvekstløfte, tenesteleiar familie, helse og førebygging, andre leiare	Våren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Avklare kva for tenester som skal stille med koordinator.</li> </ul>	Kommunalsjef	Juni 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Plassere ansvar for oversikt over barn og unge som har IP, ansvarsgruppe eller samarbeidsgruppe</li> </ul>	Kommunalsjef	Juni 2024
	c) Endring av møtearenaer	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvide IKO-spesped.team med deltakarar frå psykisk helse og skulehelseteneste, vurdere å inkludere PPT</li> </ul>	Kommunalsjef, rektor, styrarar	Hausten 2023
		<ul style="list-style-type: none"> <li>Vurdere eigna møteform mellom helse og barnehagane (utvida IKO-team/barnehagehelselag)</li> </ul>	Kommunalsjef, styrarar	Våren 2024

		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sikre at samarbeidsarenaer er kjent for alle aktuelle tilsette og at desse brukast etter formål</li> </ul>	Rektor, styrarar	Våren 2024
2. Prosess og samhandling	a) møteleing	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kompetanseheving i leing av tverrfaglege møter gjennom prosjektet oppvekstløftet</li> </ul>	Oppvekstløfte	2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ta i bruk visma samspill ifm individuell plan</li> </ul>	Rektor, styrarar, rådgjevar oppvekst	Våren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vurdere stafettlogg som digital plattform</li> <li>- Utarbeide referatmal for tverrfaglege møter</li> <li>- Utarbeide rutinar for møtestruktur</li> </ul>	Kommunalsjef Kommunalsjef Kommunalsjef	Våren 2024 Desember 2023 Våren 2024
	b) Rolleavklaring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide tenestebeskrivingar</li> </ul>	Kommunalsjef tenesteleiarar	Sommaren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide og oppdatere rollebeskrivingar</li> </ul>	Kommunalsjef tenesteleiarar	Sommaren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- bruke eksisterande møtearenaer til å bli trygg på kvarandre sin kunnskap og rolle</li> </ul>	Kommunalsjef tenesteleiarar	Sommaren 2024
	c) Barnevernteneste i det førebyggjande arbeidet	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Barnevernteneste held fram med å delta i tverrfaglege møter</li> </ul>	Barnevernleiar	Hausten 2023
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Barneverntenesta startar opp med å vere til stades i skulen og barnehagane i Vestre Slidre kommune</li> </ul>		Barnevernleiar, styrarar, rektor	Våren 2024	
d) Kartlegging,	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fullføre oversikten over korleis kartleggingar dei ulike tenestene utførar</li> </ul>	Tenesteleiarar	Hausten 2023	

	identifisering og tilvising	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjere tilvisingsrutinar kjent og lett tilgjengeleg for alle tilsette ved å legge dei inn i kommunens kvalitetssystem</li> <li>- Vurdering av OMNI-modellen som en modell for å sikre trygt oppvekstmiljø</li> </ul>	Kommunalsjef	Desember 2023
			Kommunalsjef	Sommaren 2024
	e) Informasjonsdeling	<ul style="list-style-type: none"> <li>- utarbeide rutinar for innhenting av samtykke og sikre at alle tilsette i helse og oppvekst nyttar rutineane</li> </ul>	kommunalsjef	Sommaren 2024
3. Barnets stemme	a) Barnets stemme	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide retningslinjer i samband med møtedeltaking: korleis møter skal barn og unge delta på og korleis blir dei ivareteke i møtet</li> </ul>	Kommunalsjef	Sommaren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Revidere tilvisingsskjema for å sikre at barn og unge er orientert om tilvisinga</li> </ul>	Kommunalsjef	Desember 2023
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide rutinar for barnets medverknad i forkant, under og etter møter, og før det fattast vedtak</li> </ul>	Kommunalsjef	Sommaren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kompetanseheving i barnesamtale gjennom bruk av intern kompetanse</li> </ul>	Kommunalsjef	Desember 2024
4. Foreldre-samarbeid	a) Den vanskelege samtalen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kartlegging av behovet for kompetanseheving rundt vanskelege samtaler</li> </ul>	Rektor, barnehagestyrarar	Sommaren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ved behov for kompetanseheving: vurdering av omfang og mogleg samtaleverktøy</li> </ul>	Rektor, barnehagestyrarar	Sommaren 2024
	b) Meldeplikt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kompetanseheving rundt meldeplikt ved bruk av tilsette frå barneverntenesta</li> </ul>	Barnevernleiar	Sommaren 2024
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilsette som melder bekymring får moglegheit for debrief, oppfølging og rettleiing av nærmaste leiar</li> </ul>	Leiarar i helse og oppvekst	Sommaren 2024

5. Kompetan- seheving og rekrut- tering	a) Kompetanse- plan	- Plan for vidareutdanning i barnevern med bakgrunn i kompetansekrav som gjeld frå 2031	barnevernleiar	2031
		- Legge til rette for vidareutdanning av ein helsesjukepleier	Tenesteleiar familie, helse og førebygging	2031
		- Legge til rette for spesialisering av fastlege	Tenesteleiar familie, helse og førebygging, kommune-overlege	2027
	b) rekruttere og behalde	- Utarbeide Kompetanseplan for helse	kommunalsjef	Sommaren 2024
		- Legge til rette for relevant opplæring i tenester som jobbar med barn, unge og familiar	Kommunalsjef tenesteleiarar	2023-2026
		- Tilby sommarjobb til ungdom og studentar	kommunalsjef	årleg
		- Stipendordning	kommunalsjef	årleg
- Gjennomføre medarbeidarundersøking annakvart år	Kommune-direktør	annakvart år		
- Støtte relevant vidareutdanning	Kommunalsjef tenesteleiarar	årleg		

## 4.2 Evaluering

Framdrift og planlegging av gjennomføring av tiltaka tas opp som sak i leiarmøta for oppvekst. Det leggst opp til årleg evaluering av tiltak og framdrift. Tenesteleiar for familie, helse og førebygging og kommunalsjef for helse og oppvekst har ansvar for gjennomføring av evalueringa. Evalueringa i 2026 brukast samtidig som verktøy i samband med planlegging av neste planperiode.

## KJELDER

---

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, kommunal- og regionaldepartementet, arbeidsdepartementet, helse- og omsorgsdepartementet, justis- og beredskapsdepartementet, kunnskapsdepartementet. *Førebyggende innsats barn og unge* (Rundskriv Q-16/2013). [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv\\_q16\\_2013.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/rundskriv_q16_2013.pdf)

Folkehelseinstituttet (2023). *Oppvekstprofil*. <https://www.fhi.no/op/oppvekstprofiler/hent-oppvekstprofil/>

Helsedirektoratet (2018). *Tverrfaglig samarbeid som grunnleggende metodikk i oppfølging av personer med behov for omfattende tjenester*. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/oppfolging-av-personer-med-store-og-sammensatte-behov/strukturert-oppfolging-gjennom-tverrfaglige-team/tverrfaglig-samarbeid-som-grunnleggende-metodikk-i-oppfolging-av-personer-med-behov-for-omfattende-tjenester>

Meld. St. 6, 2019-2020. Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=6>

Skog Hansen, Steen Jensen og Føtten 2020. *Trøbbel i grenseflatene. Samordnet innsats for utsatte barn og unge* (Fafo rapport 2020:02). Fafo. <https://www.fafo.no/images/pub/2020/20737.pdf>

Torvik, F. A. & Rognmo, K. (2011). *Barn med foreldre som har psykiske lidelser eller som misbruker alkohol: Omfang og konsekvenser*. Folkehelseinstituttet. <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2011/rapport-20114-pdf.pdf>

Ukom (2022). *To år med pandemi-status for det psykiske helsetilbudet til barn og unge*. <https://ukom.no/rapporter/to-ar-med-pandemi--status-for-det-psykiske-helsetilbudet-til-barn-og-unge/bakgrunn>

